

**Notat**

Dato: 25.03.2019  
Arkivsak: 2016/34254-34  
Saksbehandlar: mattorg

Til: Utval for miljø- og samferdsel

Frå: Fylkesrådmannen

## Fv 107 Nordrepollen-Austrepollen i Kvinnherad kommune




Strekninga Fv 107 Nordrepollen – Austepollen ligg i Kvinnherad kommune og strekkjer seg frå Jondalstunnelen til krysset med Fv 550 ved Mauranger, og er 6 km lang. Strekninga er dels smal og har dårlig kurvatur med redusert framkome og hastigkeit som resultat. To av delstrekningane har skredfaktor «høg» i skredsikringslista for fylkesvegar i Hordaland, og to av delstrekninga har skredfaktor «middels». Strekninga inngjekk i reguleringsplan for Jondalstunnelen i 2005, men vart ikkje bygd i samsvar med reguleringsplan grunna manglende finansiering. Det vart likevel utført mindre rassikringstiltak, utbetring ein liten parsell ved Nordrepollen og utstrossing av Bergfjellstunnelen.

Etter initiativ frå Jondalstunnelen AS i 2016 starta fylkesrådmannen opp eit forprosjekt for strekninga. Norconsult fekk oppdraget, og har avlevert ein rapport med alternative moglege vegløysingar på strekninga med vurdering av dei aktuelle traseane. Rapporten siler mellom alternativa, og rår til å vurdere nærmare to alternative trasear gjennom ein reguleringsplanprosess. Vidare planhandsaming må vurdere m.a. vurdere tekniske forhold og rasfare ved påhuggspunkta.

Kartet viser dei vurderte traseane, der det vart rådd til å gå vidare med linje 1 (tunnel på 2,8 km mellom påhugg B og F med ny bru over Austrepollelva) og linje 6 (tunnel på 3,7 km mellom påhugg B og J, med kryss rett ved Folgefonna-tunnelen).

Kostnaden for alternativ 1 er berekna til 651 mill kr. (med usikkerheit vurdert til intervallet 391-912 mill kr), og alternativ 6 til 861 mill kr.



(med usikkerheit vurdert til intervallet 517-1206 mill kr). Finansiering er vurdert til å vere rassikringsmidlar, mva- kompensasjon og bompengar.

Forprosjektrapporten er drøfta med kommunane i området (Kvinnherad, Jondal, Odda og Kvam), seinast i møte 6. mars 2019. Vegstrekninga vil vere ein del av internsambandet i det nye Ullensvang kommune frå 1.1.2020, sjølv om strekninga går gjennom Kvinnherad kommune. I Investeringsprogrammet for fylkesvegmidlar ligg prosjektet inne med planmidlar frå 2020. Kommunane ønskja å forskottere planarbeidet, slik at ein kan kome fort i gang. Fylkesrådmannen har derimot signalisert at ein ikkje ønskjer forskottering, men at det kan vere mogleg å starte opp arbeidet med reguleringsplan i inneverande år gjennom omdisponering av planmidlar.

I nemte brev datert 2. januar ønskjer Kvinnherad kommune å setje i gang eit planarbeid for Fv 551 Furebergtunnelen, for om mogleg å samordne dei to prosjekta. Det vert nemt at plassering av bomstasjon bør vurderast med tanke på finansiering av ny Furebergtunnell. Tunnelen ligg på strekninga mellom Årsnes og Mauranger, mellom Sundal og Ænes

Furebergtunnelen og ei kort strekning aust for tunnelen er såpass smal at den er lysregulert. Det er avsett 70 mill. kr i investeringsprogrammet for fylkesvegnettet for tunneloppgradering i perioden 2023-26.

Konklusjonen på nemte møte er at fylkeskommunen set i gang eit forprosjekt for å vurdere tiltak på Furebergtunnelen. Strekninga aust for tunnelen er på rassikringslista, men i kategori låg. Det gjer at det ikkje er aktuelt å bruke rassikringsmidlar på strekninga.

Det meste av rassikringsmidlane er disponerte fram mot 2026. Av større prosjekt er Fv 551 Furebergfossen bru starta opp (avsett 54,3 mill kr), og planarbeid pågår for Fv 551 Krokalandet (315 mill kr) og Fv7 Tokagelelet. Fylkesrådmannen rår likevel til oppstart av planarbeidet. Planlegging tek tid, og det kan vere behov for ei planreserve i tilfelle det vert meir rassikringsmidlar eller det viser seg at eit av dei prioriterte prosjekta likevel ikkje let seg realisere. Med etablering av nye Vestland fylkeskommune kan det og bli ei endring i prioriteringane av rassikringsmidlar.

Vedlagt følgjer brev frå ordførarane i Jondal, Odda, Kvinnherad og Kvam datert 2. januar 2018 «*Forskottering av vidare planarbeid for Fv 107 Nordrepollen-Austrepollen*», samt møtereferat frå møte 6. mars.